

„Uten tidsmæssige førsteklases maskiner og redskaper intet rationelt og lønsomt jordbruk“

Vi venter nu fra Amerika:

„Adriance“

slaamaskiner

(Nr. 1 ved prøven paa
Stend Landbruksskole)

„Adriance“ hesteriver

„Adriance“ selvbindere
Prøvet ved den svenske stats
prøveanstalt Alnerp med
særlig godt resultat.



„Adriance“ selvavl.

meiemaskiner

„Adriance“ meieappa-

rater for slaamaskiner
Prima bindegarn

„Champion“ potetoptagere, „Jernhesten“ med ploger og harver, „Monitor“ radsaa-
maskiner med skaallabber m. m.



„Adriance“ høstemaskiner præsterer som bekjendt
fortrinlig arbeide. De er særlig letgaaende og saa
solide og varige, som kun førsteklases amerikanske
maskiner er. Slaamaskinen (model 1915) og binderen
(model 1916) er endda bedre end før!

Av „Champion“ potetoptageren fik vi ifjor en
prøvemaskin. Enok Nærland, Nærbø, kjøpte den.
Har De læst hvad han sier om den?

Forøvrig anbefales:

Potetoptagere av „Harder“-typen.

Obs. Vigtige forbedringer!

Der blir sikkert ikke for mange maskiner til indhøstningen, trærskningen osv. iaar.

Hør derfor et godt raad: **KJØP ITIDE!**

Merk! Vi holder altid godt lager av reservedele til de maskiner vi sælger.

Illustrerte beskrivelser og prisopgaver paa anmodning.

A/S EIK & HAUSKENS MASKINFORRETNING
Stavanger.

Frå Jærmuseet sine samlingar:

JERNHESTANE PÅ JÆRMUSEET

MÅLFRID SNØRTELAND

Jærmuseet har store og interessante samlingar som viser reiskapsutviklinga i jordbruket frå slutten av 1800-talet og fram mot vår tid. M.a. har museet ca. 50 veterantraktorar frå perioden 1917–1960.

I «Sjå Jæren» 1991 startar me ein serie som skal presentera utvalde gjenstandar frå samlingane våre.

I denne artikkelen skal me presentera dei to «Jernhestane» – Moline-Universal modell B og Moline-Universal modell D, og firmaet Moline Plow Co. Me skal og sjå litt på korleis «Jernhesten» blei motteken i Norge.

Ein junidag i 1917 er det ein kar som går sundagstur gjennom myrane frå Kvassheim til Vigrestad. Der støyter han på ein tidleg variant av steinbukken. «Ja, dette må vera «bestefar» til alle steinbukkane på Jæren», tenkjer mannen. «Ein dag vert han vel slengd i «rabakråi» saman med mangt anna gammalt.» Mannen tykkjer dette er for gale. Difor skriv han følgjande innlegg i «Bondevennen»:

*Han burde vera ei minning um at det no er paa høg tid, at me fær eit **jordbruksmuseum** for Jæren eller heile Rogaland.*

*Eit museum som kan samla og hegna um dei minne som enno er att um jordbruk og arbeidskaar i gamle dagar. Og ikkje berre det som hev vore, men ogso mangt av det som no er og som etter kvart vert avløyst av noko nyare og betre. For tidi ho rullar og lagar soga – ogso jordbruks-soga – ustanseleg. So um 10–12 aar kan me venta aa faa den fyrste «**jarnhesten**» paa museet.»*

Signaturen P.K. må ha vore ein framsynt mann. For det skulle gå omlag 70 år før dei første jernhestane

kom på museum. Og det gjekk like lenge før Jæren og Rogaland fekk eit museum som også skulle ta vare på landbrukshistoria frå vår nære fortid og samtid.

Moline Plow Co. og Moline Universal Tractor.

Det var ein spesiell traktortype, «Moline-Universal Tractor», som i Skandinavia blei lansert under namnet «Jernhesten». Men etter kvart blei «jernhest» eit folkeleg uttrykk for alle dei tidlege traktorane med jernhjul og slepereiskap. Jærmuseet har to «ordentlege» jernhestar – ein Moline-Universal Tractor mod. B frå 1917 og Moline-Universal modell D frå 1919.

Moline traktorane var produserte av det amerikanske selskapet Moline Plow Co., Moline, Illinois, og blei importerte av firmaet A/S Eik og Hausken's Maskinforretning i Stavanger.

Moline Plow Co. blei stifta i 1865 og firmaet konsentrerte seg då om plogproduksjon. Etter kvart utvida dei tilbudet til eit breidt utval av både landbruksreiskapar og andre produkt. Dette skjedde dels gjennom oppkjøp av andre firma. Fleire av desse var alt representerte på den norske marknaden – t.d. Monitor

Drill Co. som produserte radsåmaskinar og Adriance, Platt & Co. som Moline Plow Co. overtok i 1913. Adriance slåmaskinar, høyriver og sjølvbindarar var velkjende for bøndene på Jæren tidleg på 1900-talet. Eik og Hausken's Maskinforretning i Stavnger forhandla Moline-produkta her i landet.

I 1913 freista Moline Plow Co. å produsera ein eigen traktormodell, men forsøket blei ikkje særleg vellukka. To år seinare kjøpte dei opp «Universal Tractor Company» i Ohio, og hausta dermed fruktene av tidlegare utviklingsarbeid på dette området. Dei første «Moline-Universal» - traktorane hadde ein to-sylindra motor frå «Reliable Engine Company», Portsmouth, Ohio. Men selskapet satsa stort og kunne hausten 1916 ta i bruk «verdens største plogfabrikk», Moline-Universal Tractor Works i Moline, Illinois. Frå 1917 produserte dei sine eigne motorar. «Moline Universal» blei ein stor suksess. I 1917 produserte dei ca. 40 traktorar om dagen, men klarte likevel ikkje å dekkja etterspurnaden.

I 1918 kom dei med ein ny modell, Moline-Universal mod. D, utstyrt med m.a. fire-sylindra motor, sjølvstartar og elektrisk lys. Denne modellen blei produsert fram til 1923 då traktorproduksjonen blei lagt ned som følge av nedgangstida etter 1. verdskrigen.

I 1929 blei selskapet slått saman med Minneapolis Steel and Machinery Company under namnet Minneapolis-Moline Co. Dette firmaet produserte ei rekkje traktormodellar, men blei oppkjøpt av White Motor Company i 1963.

Den tidlege traktorteknologien.

I siste del av 1800-talet blei det i U.S.A. nytta dampmaskinar eller lokomobilar til pløying. Mot slutten av århundret blei det eksperimentert med å laga dampdrivne «motorplogar», som dei første traktorane

ofte vart kalla. Etter kvart tok ein og til å produsera traktorar med forbrenningsmotor. Desse var store og tunge kolossar og kunne nok ha ei viss nytte på den vide prærien.

I Europa, først og fremst i Tyskland og England, var det mange som arbeidde for å finna fram til ein motorplog som kunne vera brukbar for europeiske forhold.

Tidleg på 1900-talet konstruerte briten Dan Albone ein traktor som skilde seg vesentleg frå dei amerikanske utgåvene. Denne traktoren var liten og lett og hadde tre hjul. Han fekk namnet «Ivel» etter elva Ivel i Bedfordshire.

Dette var, etter våre opplysningar, den aller første traktortypen som kom til Norge. Godseigar Coldevin på Dønna i Helgeland skaffa seg ein slik i 1908. Eit anna eksemplar blei kjøpt av Olav Færden på Tandberg gård på Ringerike. Dette var enkelttilfelle som ikkje fekk fylgje av andre. Begge to gjekk forresten konkurs i 1911.


Det var under første verdskrigen at traktoren tok til å verta kjend i Norge. Og det var i desse åra at traktorproduksjonen skaut fart både i U.S.A. og England. Dette hadde m.a. samanheng med at matvaremangel og etterspurnad etter arbeidskraft aksentuerte trongen for maskindrift i jordbruket.

I løpet av 1916 kom det i alle fall tre traktormerke til landet. Det var Mogul 8–16 frå International Harvester, Herkules (All Work) frå Electric Wheel Co. og den svenske Avance. Alle desse blei prøvde av Maskinprøveanstalten på Ås.


Men det var først frå 1917 at traktorimporten fekk noko omfang.

Jernhesten kjem til Norge.


I januar 1917 hadde «Bondevennen» omtale og bilete




*One man cultivates 12 to 20 acres
in 10 hours*



*One man plows 5 to 8 acres
in 10 hours*



*One man hils 12 to 20 acres
in 10 hours*




*One man harvests 15 to 25 acres
of grain in 10 hours*


MOLINE

UNIVERSAL TRACTOR

"It Solves the Farm Help Problem"



*One man harvests 8 to 10 acres
of corn in 10 hours*



*Equipped with rear carrying
truck for odd jobs*

MOLINE PLOW CO.



MOLINE, ILLINOIS

MANUFACTURERS OF QUALITY

FARM IMPLEMENTS SINCE 1865

av ein ny «trækmotor» som var blitt prøvd i Danmark. Det blei bebuda at til våren skulle eit kjent landbruksmaskinfirma halda tilsvarande demonstrasjonar i Stavanger. Dette firmaet var Eik og Hausken's Maskinforretning som hadde representantar til stades under prøvepløyinga i Danmark.

Traktorteknologien var ny i Norge, maskinane forholdsvis dyre og dei færreste såg desse «trekkmotorane» som noko alternativ til dei gode, gamle hestane.

I ei annonse i Norsk Landmandsblad vinteren 1917 introduserte difor Eik og Hausken's Maskinforretning den nye «Jernhesten» på følgjande vis:

MASKINDRIFT er tidens løsen i landbruket!

At folkehjelp er baade dyr og vanskelig at faa er nok alle gaardbrukere opmerksom paa, men kun faa har vel rigtig tænkt over og regnet efter, hvor dyr hestekraften egentlig er. Edison har sagt at «hesten er den daarligste motor», som nogen-sinde er bygget. Den æter 5000 kg fôr om aaret, og allikevel er dens virkningsgrad som motor bare 2 %.

Om «Jernhesten» heitte det derimot: – den er saa sterk som 5 hester, saa utholdende som 7 hester. Den koster mindre end 4 hester, kræver mindre plads og pasning end 1 hest, og den æter kun mens den arbeider.

Firmaet opplyste at dei hadde fått lovnad på eit mindre tal maskinar som dei håpa å få heim i løpet av mars månad.

Prisen var 7000 kroner.

14. mai 1917 blei så Jernhesten vist fram på «Stavanger arbeidsgård» i Hillevåg. Mykje folk var samla. Dei største gardbrukarane i distriktet, borgarmeisteren

i Stavanger og fleire andre kommunale autoritetar, representantar for pressen og andre interesserte møtte opp.

Prøvepløyinga føregjekk dels på flatt og dels i skrånande lende, og med åker i den eine enden og eng i den andre.


Bondevennen omtalar den nye motorplogen i positive ordelag:

Plogen gav, naar bortsett fra de nødvendigvis svære hjul, indtryk af noget meget saavel solidt som elegant. Det skal allerede straks bemerkes at hele maskineriet ikke har de overvældende dimensioner, som man gjerne tænker sig... Den samlede længde fra forreste hjulkant til bakerste ende av indre ploglegeme var neppe mer end 4 1/2 a 5 meter – ialfald ikke lenger i ustrækning end et hestespand med almindelig plog.

Det viste sig allerede straks, at med øvede folk – men det maa der ogsaa til – var den meget let at styre og manøvrere.

(–) Med hensyn til manøvrering, saa saa den forbausende «villig» ut. Den løp i ring med 5 meters indre diameter, ryggede tilbake, hæved og sænkede ploglegemerne o.s.v. med megen fart og lethed ved de nødvendige haandgrep av styreren.

Noko seinare på våren blei det halde liknande demonstrasjonar på m.a. Jarlsberg hovedgård og Hvam landbruksskule i Akershus. Jernhesten fekk jamt over rosande omtale. Den viktigaste innvendinga var at han etter norske forhold pløgde for grunt – berre 6 tommar. Men det var muleg å stilla plogen slik at han kunne pløya 8 tommar djupt og likevel velta jorda tilfredsstillande. Det blei påpeikt at viss ein hadde gitt veltefjølene den forma som blei nytta



Moline mod. B blir demonstrert på Svanholm, Forus, 8.mai 1918.

** Jærmuseet.*

av lokale plogprodusentar, kunne pløyeieegenskapane betrast vesentleg.

I reportasjane frå prøvepløyingane blir det elles referert til at ein nytta både 12 «og 14» to-skjers plogar.

(På denne tida vart det halde ein del traktoremonstrasjonar kor ein samanlikna ulike eigenskapar ved forskjellige traktortypar. Molinen kom oftast godt ut i slike konkurransar. Under ei prøvepløying på landbrukshøgskulen på Ås måtte han likevel gi tapt for Mogul då dei blei prøvde i dei brattaste kneikane.)

Tekniske data.

Molinen skilde seg frå dei andre traktorane som kom hit til landet på fleire måtar. Først og fremst hadde

han ein heilt annan skapnad. 98 % av vekten kvilde på to store drivhjul. Dermed oppnådde ein størst muleg trekkeveie i forhold til vekt og minst muleg brenselforbruk i forhold til arbeidsytinga. Vekten på marka blei og mindre enn med ein fire-hjulstraktor.

Traktoren hadde dessutan midjestyling. Reiskapen blei kopla direkte saman med traktoren slik at køyrekaren sat på sjølve reiskapen. Dette gjorde det muleg både å bakka og snu traktoren utan å kopla reiskapen frå.

Dessutan var Moline- traktoren lettare enn dei vanlege fire-hjuls traktorane. Han vog berre 1300 kg, medan dei andre traktorane vog mellom 2000 og 4000 kg.

Traktoren kunne pløya omlag 30 mål pr. dag og kunne gå inntil 6 km pr. time. Han blei starta på bensin og gjekk på parafin.

I firmaet sin eigen reklame heitte det vidare:

Den har 2-cylindret motor, der utvikler 12 hkr., og herav blir ca. 7 hkr. effektiv dragkraft! Ved pløining hviler der kun 650 kg vægt paa den upløiede jords overflate. Maskinen kan rygge med arbeidsmaskinen, og den svinger rundt med plog i en cirkel med kun 2,5 m. radius. Kjøreren sitter paa ploget (eller slaamaskinen o.s.v.) og har alt under fuld kontrol foran sig. Under pløining sænkes det ene hjul og gaar i furebunden, hvorved maskinen blir praktisk talt selvstyrende.

Om der ved pløining støttes mod jordfast sten, kan kjøreren blot la motor og plog rygge. Derpaa løftes ploget automatisk op av jorden og passerer over hindringen.

MOLINE MODELL D

Våren 1918 lanserte fabrikken ein ny modell – Moline modell D.

Samanlikna med tidlegare modellar kunne fabrikken visa til følgjande forbetringar:

1. *Fuldstændig elektrisk igangsætnings- og belysningsystem som ved de fineste automobiler.*
2. *Ny elektrisk regulator for motoren.*
3. *Kraftigere 4-cylindret motor, og perfekte topventiler med dobbelte fjærer. Denne motor er et mekanisk mesterverk og overordentlig økonomisk med brændslet.*
4. *Smøring av alle motorlagre under 35 punds tryk, saa at akslerne praktisk talt flyter i et haarfint oljelag, og slitagen blir den mindst mulige.*

5. *Speciel anordning for forbrænding av simpel gas.*
6. *Krumtapakslingen er 2 1/2 «i diameter, en dimension som utelukker all vibration.*
7. *Alle arbeidende dele er fuldstændig indkapslede.*
8. *Fræste og hærdede tandhjul av fineste staal.*
9. *15 hyatt rullelagre og 5 kulelagre av høieste kvalitet.*
10. *En differentiallaas, hvorved al kraft overføres til det andet kjørehjul, naar et av hjulene kommer paa løs, dårlig grund, hvor det ikke faar tak.*
11. *To indvendig ekspanderende bremses paa differential-akselen.*
12. *Alle arbeidende dele er let tilgjengelige og utskiftbare.*
13. *Remskiven er anbragt frit foran paa maskinen.*
14. *Forøket ydeevne opnaaet ved forening av liten dødvegt, stor styrke og stor hurtighet. «Jernhesten», model D, vil f.eks. ved pløining utføre mere arbeide med 2 ploger end andre typer med 3 ploger og med betydelig mindre omkostninger.*

Plogfjølene hadde elles fått ein langstrekt fasong som høvde for djup pløying og norske forhold.


Samanlikna med andre traktorar på den tida var denne modellen svært teknisk avansert.

Korleis var så røynslene frå brukarane etter ei tids bruk?

I Eik og Hausken's katalog frå 1919 har dei samla rosande fråsegner frå fleire av dei første kjøparane.

Styraren av Stavanger arbeidsgård, Chr. Soma, uttaler t.d. følgjande:

Den «Jernhest» som blev kjøpt af Dem til Stavanger kommunale arbeidsgaard i aaret 1917, viser sig at være mere tjenlig end man på forhaand




Moline Universal Tractor mod. B frå 1917 med to-sylindra Boxer-motor. Traktoren er restaurert av museumshandverkar Sverre Skjæveland. Foto: Jærmuseet.

I 1987 lukkast det Jærmuseet å få tak i ein Moline Universal Tractor mod. B. Det var ein tilsvarande traktor som kom til kommunegarden i Stavanger i 1917 og som var den fyrste traktoren i Rogaland.


Mr. Moffit fortel her om traktoren til konservator Målfrid Snørteland.


Foto: Stavanger Aftenblad.



NRK-Rogaland, fjernsynet var på plass då traktoren blei lessa av hos Sverre Skjæveland. Dei fylgde heile restaureringsprosessen og laga eit eige fjernsynsprogram som fekk tittelen «Gammel traktor rustar ikkje». Både Kverneland als og Serigstad als har ytt verdifulle tenester under restaureringsarbeidet.


Foto: Jærmuseet.





*I august 1918 kom tre Moline Universal Tractor mod. D til Jæren - to til Bore i Klepp og ein til Sande i Sola.
Øverst: Drengen Torvald Ritland på «Jernhesten» til Rasmus Klepp på Bore kring 1926/27.*

*Nederst: Jon O. Bore med Moline traktor og sjølvbindar ein gong i 1920-åra.
Foto: K.K. Kleppe. * Stavanger Museum.*



hadde tænkt sig, da den var en ny og uprøvet maskin her til lands. Men ved prøvepløiningen viste det sig at den arbeidet bedre end nogen hadde trodd (-). Den egner sig ogsaa utmerket til harvning, og jeg er av den mening at den vil sikkert komme til at vinde fremgang her til lands.

Th.H. Røen, Lille Røen pr. Odnes var også svært nøgd med handelen:

Som eier av kun 100 maal dyrket jord, ansaa mine sambygdinger mig nok for ikke aldeles vel bevaret da jeg vaaren 1917 kjøpte «Jernhesten» av Dem, – Efter et aars drift med mangedobbelte benzin- og oljepriser, viser det sig imidlertid at være en lønsom affære. Jeg kan nu drive gaarden med bare 1 hest mot før 2 og 3, og endda faa gjort vaaronnen i mere ret tid med mange gange bedre jordarbeiding end ved at bruke heste. Som stationær er motoren ogsaa udmerket og bruker svært litet benzin naar den kan gaa med mindste fart.

Rosande omtale var og samla frå styrar E. M. Eriksen ved Fredrikstad kommunale gardsbruk, Per Rinde på Store Gjennestad i Stokke og gardsstyrar ved Falkenstein Bruk, Ludvig Munthe.

I «Bondevennen» frå september 1919 får me dessutan ei vurdering av dei to traktortypane Moline og Mogul av ein som hadde prøvd begge over tid. (Her er det tale om Moline mod. D.)

Han viser til at Mogulen ofte blir for tung når jorda er sleip og blaut, traktoren blir vanskeleg å styra og han rotar jorda til. Under slike forhold har «Jernhesten» klare fordelar. Han var lettare, kunne bakka med reiskapen, hadde ein snuradius på berre 2,5 m –

noko som ikkje minst hadde stor betydning når ein skulle arbeida på mindre jordstykke.

Rattet er ikke tyngre at betjene paa «Jernhesten» end på «Mogul», og den følger bestandig styringen, selv om den gaar i løs jord. «Jernhesten» har en stor fordel fremfor de fleste andre traktorer ved at man kan regulere hastigheden paa motoren mens den er i virksomhet, fra sneglegang til en fart av 6 km. i timen. Det at farten i en haandvending kan reguleres akkurat som man vil er av meget stor betydning, f.eks. naar man kjører ut av plogfuren, naar man vender på snevre steder og idetheletat hvor man trænger at kjøre med forsiktighet.

Artikkelforfattaren peikar vidare på at når ein køyrer slåmaskin eller sjølbindar sit ein på reiskapen og styrer både denne og traktoren. På ein 4-hjul traktor må ein i slike tilfelle vera to mann.

Jernhestane på Jæren.


Eik og Hausken's Maskinforretning hadde tinga 14 eller 15 maskinar vinteren 1917. Ved prøvepløyinga i mai var berre 3 av dei komne til landet. På grunn av krig og blokade har me ikkje sikre opplysningar om alle dei bestelte traktorane verkeleg kom fram, men truleg kom det nokre til på haustparten.

I 1918 var det bestelt 115 stk. Dei aller fleste av desse var selde på førehand – flest til Austlandet. På Jæren var det tinga 10 traktorar.

I august kunne «Bondevennen» opplysa at

«Jernhestene – Moline tractor – vil nu begynde at ankomme fra Amerika. De vil bli av den nye, forbedrede type. (-)


De nye traktorer sættes igang paa chauffør-



Jærmuseet sin Moline Universal Tractor mod. D. Produksjonsår: 1919.

Denne traktoren var svært forkommen då Jærmuseet fekk hand om han. Særleg komplisert var arbeidet med motoren som mangla mange delar. Desse blei lånte hjå Folkenborg Museum i Østfold som har ein lik traktor, og kopierte. Serigstad a/s laga dei støypte delane gratis, medan Sverre Skjæveland sjølv kopierte dei øvrige. Sveising av motorblokk, montering av nye sylinderforingar, maskinering av stempel, oppbygging av veiv- og rammelager m.m. blei utført av Geno Motor- og Maskinverkstad a/s i Sandnes. Reingjering og sandblåsing blei gjort hjå Kverneland a/s utan kostnader for museet.

*Moline mod. D før restaurering.
Foto: Jærmuseet.*



*Traktoren var nyrestaurert til byjubileet i Sandnes i 1985. Stein G. Sægrov fekk gleda av å presentera Molineen for HM Kong Olav.
Foto: Tor Jan Ludvigsen. * Jærmuseet.*



plassen og er forsynet med sterke lanterner, saa der vil kunne pløies nat og dag. – Desværre kom-traktorerne for sent til at kunde benyttes for selv-binderen.

Det er usikkert om alle desse 115 traktorane nokon gong kom til Norge. Når det gjeld dei ti som var tinga på Jæren, har me berre opplysningar om at tre slike Moline mod. D kom hit. To til Bore i Klepp og ein til Sande i Sola.

Me veit det også kom ein svensk traktor til Jæren på denne tida. Fleire traktorar har me ikkje opplysningar om før i 1920-åra. Det skulle då og gå mange år før traktoren fekk betydning for gardbrukrarar flest. Ved jordbruksteljinga i 1929 var det t.d. ikkje meir enn 889 traktorar på landsbygda i Norge. Me kan såleis trygt slå fast at «Jernhesten» var pioneren som introduserte traktorteknologien på Jæren.

Dei fire Moline-Universal traktorane som me veit har vore på Jæren er truleg tapte for ettertida. Jærmuseet

meiner likevel at det er viktig å kunna presentera dømme på denne første traktorteknologien her i fylket.

Museet måtte då skaffa desse traktorane utanom regionen. Jærmuseet sin *Moline-Universal modell B* har ei interessant historie. Han var opphavleg seld til Australia. For ein del år sidan var den engelske godseigaren Mr. John Moffitt på reise i Australia. Frå flyet oppdaga han denne doningen. Moffitt, som har eit eige traktormuseum utanfor Newcastle, «The National Tractor and Farm Museum» blei straks interessert og fekk traktoren heim til England. Her blei den igjen oppdaga av m.a. museumshandverkar Sverre Skjæveland. Etter å ha studert bilete av Sverre sin restaureringskunst, var Mr. Moffitt viljug til å selja traktoren til Jærmuseet.

Den andre Jernhesten vår, *Moline-Universal mod. D*, er produsert i 1919. Han kjem frå Aremark i Østfold.

Sverre Skjæveland har føretatt ei grundig restaurering på begge traktorane. Særleg D-modellen var i elendig forfatning då Sverre fekk hand om han.

Kjelder og litteratur:

Bondevennen, årgang 1917 - 1919.

A/S Eik og Hauskens Maskinforretning. Hovedkatalog nr. 13 over landbrugsmaskiner og redskaper. Stavanger 1919.

Espeli, Harald: Staten som fødselshjelper? Om traktorens første tid i Norge og Statens engasjement i traktorimporten under første verdenskrig. Jord og gjerning 1987.

Norsk landmandsblad, årgang 1917.

Plow and Tractor, årgang 1916–1921.

Skriver, Jens: Traktor i Danmark. Dansk Landbrugsmuseum 1989.

Wendel, C.H: Encyclopedia of American Farm Tractors. Crestline Publishing C. Inc. 1979.

Målfrid Snørteland

Etnolog og museumsstyrar/konservator.

Adresse: Jærmuseet, pb. 4, 4350 Nærbø